



# TROMSØ

Arkeologiske rapporter fra  
Norges arktiske universitetsmuseum

2025



## Høgtofta

### Ein gardshaug i Bø i Vesterålen

Alice S. Kvalheim



UiT Norges arktiske  
universitetsmuseum

Tromura 2025

Arkeologiske rapporter fra Norges arktiske universitetsmuseum, UiT Norges arktiske universitet

ISSN: 2535-4248 (elektronisk utgave)

Utgiver: Septentrio Academic Publishing, Tromsø, Norway

Redaksjon: Anja Roth Niemi og Janne Oppvang

DOI: <https://doi.org/10.7557/trm.8429>

Foto: Norges arktiske universitetsmuseum - UiT Norges arktiske universitet

Kart og illustrasjoner: Heidi Fløttum Westgaard og Andreas Luneborg

Gjenstandsfoto: Alice Sunde Kvalheim og Martine Lahti

Fotogrammetri: Andreas Luneborg

Prosjektet er bekostet av Riksantikvaren

Forsidefoto: Gardshaug og våningshus på Høgtofta. 17.08.24 av Andreas Luneborg

Rapporten er lisensiert under en [Creative Commons Navngivelse-DeLPåSammeVilkår](#) (CC BY-SA). Lisensen tillater andre å tilpasse og bygge videre på arbeidet så lenge det krediteres og lisensieres videre på samme måte.

# **Høgtofta**

## **Ein gardshaug i Bø i Vesterålen**

*Alice Sunde Kvalheim*



**UiT** Norges arktiske  
universitetsmuseum

**Lokalitet:** Høgtofta

**Id.nr.:** 283674

**Kulturminnetype:** Gårdshaug

**Undersøkelsesår:** 2023

**Areal:** 65m<sup>2</sup>

**Tiltakshaver:** Jan Gunnar Pedersen

**Kommune:** Bø

**Fylke:** Nordland

**Gnr/bnr:** 40/6 og 40/19

**Koordinater:** UTM Sone 33 476054.66 Ø, 7618974.06 N

**Feltleder:** Alice Sunde Kvalheim

**Prosjektansvarlig:** Inga Malene Bruun

**Rapport:** Alice Sunde Kvalheim

**Dato:** 26.11.2025

**Prosjektnr.:** 100463101

**Saksnummer:** 2025/43826, 2021/5355

**Aksesjonsnr.:** 2023/63

**Fotobase:** TSAD 128

**Gjenstandsbase:** TS 16285

**Nøkkelord:** Arkeologi, utgravning, gårdshaug, mellomalder, middelalder, vikingtid, Vesterålen, Nord-Noreg, middle ages, viking age, farm mound, Northern Norway, archaeology.

## Sammendrag

Arkeologisk undersøking, og dokumentasjon av skader på automatisk freda kulturminne av typen gardshaug. Haugen vart for fyrste gong identifisert då grunneigar skulle bygge tilbygg på eigedomen og satt i gong gravinga i haugen. På bakgrunn av dette vart skaden i haugen undersøkt og dokumentert av arkeologar frå Noregs arktiske universitetsmuseum. I haugen vart det identifisert ein omn, bygningsrestar/konstruksjonsvirke, beinmateriale og gjenstandsfunn. Gardshaugen fekk ei eldste datering til 1032 – 1158 evt.

## Summary

Archaeological examination and documentation of damages to a farm mound. The mound was first identified by the landowner during groundwork related to a new extension to the house. Archaeologists from the Arctic University Museum of Norway documented the damage, and the structures and finds that were visible on the surface. An oven, wooden materials from buildings, osteological material and more was identified. The oldest dating from the site was to 1032 – 1158AD.

# INNHALD

Innleiing .....	1
Bakgrunnen for undersøkingane .....	1
Berørte kulturminne.....	1
Gjennomføring .....	2
Deltakarar.....	2
Forløp .....	2
Undersøkingssforhold.....	2
Formidling.....	2
Kontakt med tiltakshavar og andre .....	2
Plassering og kulturmiljø .....	3
Lokalisering.....	3
Topografi, vegetasjon og berggrunn.....	4
Øvrige registrerte kulturminne .....	4
Tidlegare arkeologiske undersøkingar .....	4
Undersøkinga sin relevans.....	5
Kultur og busetjingshistorie.....	5
Målsetjing.....	5
Problemstilling.....	5
Prioriteringar og strategiar .....	6
Undersøkingssmetode og dokumentasjon .....	6
Metode og dokumentasjon .....	6
Prøveuttak.....	7
Kjeldekritiske forhold .....	7
Observasjonar og Resultat.....	8
Stratigrafiske forhold .....	8
Strukturar .....	9
Funn .....	13
Analyse .....	17
Dateringar.....	17
Gjenstandsmaterialet.....	18
Busetjingsspor .....	18
Osteologi.....	18
Dendrokronologi .....	19
Diskusjon .....	19
Litteratur .....	21
Vedlegg .....	22
Resultatrapport C-14-analyse NTNU nasjonallaboratoriene for datering .....	
Dendrologisk rapport Andreas Kirchhefer .....	
Osteologisk rapport Sean Dexter Denham .....	

# INNLEIING

## BAKGRUNNEN FOR UNDERSØKINGANE

Sommaren 2023 fekk arkeologar frå Noregs arktiske universitetsmuseum reise til bygda Skårvågen for å undersøke ein gardshaug. Denne gardshaugen vart oppdaga av grunneigarane under gravearbeid på tomta.

I 2021 sendte tiltakshavar Jan Gunnar Pedersen inn byggesøknad for utviding/tilbygg til sin fritidsbustad på gnr. 40/19 på Høgtofta, i bygda Skårvågen i Bø kommune. Han fekk vedtak i byggesaka den 01.07.2023. Hausten same året føretok tiltakshavar ei prøvegraving på eigedomen då det var usikkert om ein stor haug i forkant av fritidsbustaden var grunnfjell, eller ikkje. Denne haugen viste seg å ikkje bestå av fjell, men organiske masser. Under graving i desse massane dukka det opp tremateriale som tiltakshavar tolka til å vere restar etter eit mogleg kulturminne. Nordland fylkeskommune (Nfk) vart varsla om funnet pr. telefon den 08.11.2021 og arbeidet på tomta vart stoppa.

Den 12.11.2021 gjennomførte Nfk ei synfaring i området. Etter denne synfaringa konkluderte fylkeskommunen med at kulturminnet er ein hittil ukjend og automatisk freda gardshaug frå mellomalderen, id 283674-0. Dateringa er satt på bakgrunn av funn av eit skår frå ei klebergryte. Skåret vart funne i lausmassane fjerna frå haugen. Veret tillét ikkje gjennomføring av ei tilfredsstillande synfaring denne gongen.

Nfk gjennomførte ei ny arkeologisk synfaring den 23-24.05.2022. Det vart teke 3 prøvestikk i området tilbygget skal stå og det vart ikkje funne in situ funn i dette området. Det vart også registrert eit nytt kulturminne, ei røys med uavklart vernestatus, id 288567.

Etter dialog med UM vart det difor gitt tillating til å halde fram med arbeidet på sjølve bygget.

Den 11.07.2022 sendte tiltakshavar ein oppdatert byggesøknad med justeringar i dei planlagde tiltaka for å unngå konflikt med begge kulturminna. Eitt eller fleire av tiltaka blir no planlagde innafor sikringssona til gardshaugen, med ei mindre berøring av gardshaugen si avgrensing. Tiltaka omfattar 1) drenering rundt eksisterande bustad, 2) etablering av ny septiktank og 3) etablering av terrasse og badestamp.

Nfk innvilga tillating til at tiltaka kunne gjennomførast utan vilkår. Tilbygget, samt tiltak 2) etablering av ny septiktank var difor allereie på plass då vi utførte vår undersøking sommaren 2023, tiltak 1) drenering rundt eksisterande bustad og 3) etablering av terrasse og badestamp, var ikkje påbegynt.

Det var i tillegg ynskjeleg å flytte dei berørte massane frå gardshaugen. Det vart gitt tillating til dette med vilkår om at det skulle utførast ei mindre arkeologisk undersøking for å dokumentere dei eksponerte flatane beståande av kulturlagsmassar, dokumentere skadeomfanget, samle inn synlege gjenstandar, ta ut naturvitskaplege prøver til datering og tilbakeføring av lausmassar. Riksantikvaren avgjorde kostnadane for den arkeologiske undersøkinga skulle dekkast av staten.

## Berørte kulturminne

Det er berre eitt enkeltminne som vert påverka, og dette er gardshaug med id 283674. Haugen er rund-oval med ei minimum høgde på 1,54m. Denne høgda er målt ut ifrå det lågaste punktet i det opne såret i haugen og på toppen av «sårkanten». Haugen ser ut til å ha vore delvis planert i toppen på eit tidspunkt, så haugens overflate er ikkje jamt avrunda/flata ut. Såret i haugen er i det området som verkar vere planert, i realiteten er difor haugen noko høgare enn innmålinga vi har føretatt på høgde. Såret i haugen var heller ikkje grave til steril grunn så vårt innmålte lågaste punkt, er ikkje botnen på kulturlagsmassane i haugen. I Askeladden er haugen målt inn med eit areal på 854,6m<sup>2</sup>, inkludert sikringssona vert arealet 1476,3m<sup>2</sup>.

# GJENNOMFØRING

## Deltakarar

Inga Malene Bruun var prosjektleiar for prosjektet, Alice Sunde Kvalheim var utgravingsleiar og Andreas Luneborg var feltleiar GIS.

I forarbeidet tok prosjektleiar seg av kommunikasjon med tiltakshavar (bortsett frå eitt teams-møte kor også utgravingsleiar var til stede). Utgravingsleiar og feltleiar GIS samarbeida om å skaffe leigebil, overnatting samt organisering og pakking av utstyr.

Illustrasjonar av Andreas Luneborg, med hjelp frå Heidi Fløttum Westgaard og fotoredigering av Martine Lahti.

## Forløp

Feltarbeidet vart utført i tidsrommet 14.08 – 25.08.2023, dette inkluderer to reisedagar. Alice Sunde Kvalheim og Andreas Luneborg utførte feltarbeidet.

I forkant av feltarbeidet hadde vi ein rapport frå Nfk samt ein prosjektplan utvikla av Anja Roth Niemi og Keth Lind ved Noregs arktiske universitetsmuseum.

Desse dokumenta la til grunn at det ikkje skulle utførast handlingar i felt som gjorde vidare inngrep i gardshaugen, og vår oppgåve var å reinske fram eksponerte flater, dokumentere strukturar og materiale som dukka opp her, plukke inn lause funn og ta ut naturvitskaplege prøver. Til slutt skulle «såret» i haugen dekkast til med duk og dei fjerna massane tilbakeførast til haugen slik at denne, i stor grad, vart rekonstruert.

## Undersøkingforhold

Tilgang til kulturminnet var uproblematisk då det gjekk veg heilt fram. Været var også generelt bra, bortsett frå dag 1, då fekk vi ei kraftig bye rett etter at vi hadde dratt av dekket, dette resulterte i eit svært gjørmete område. Området som var avdekt var også grave med ein liten fordjuping i botn slik at det samla seg vatn her; dette området tørka aldri skikkeleg opp så vi forsøkte å trakke mindre her. Vi hadde ikkje letthus/toalett i felt, men vi overnatta like i nærleiken så dette var uproblematisk.

Tiltakshavar hadde reist frå Austlandet til Skårvågen for å følge med på undersøkinga. Så snart vi kom i dialog med dei vart det tydeleg at vi hadde ulike forventingar til kva som skulle skje på området. Det er noko usikkert kor i kommunikasjonen misforståingane har oppstått, men det resulterte i at vi brukte mykje tid på kommunikasjon med tiltakshavar, samt å ringe rundt til fylkeskommune, prosjektleiar og andre på Noregs arktiske universitetsmuseum som potensielt kunne hjelpe med å oppklare situasjonen. Dette gjorde at vi mista arbeidstid i felt.

## Formidling

Det vart ikkje lagt opp til, eller gjennomført, noko formidling på dette prosjektet.


## Kontakt med tiltakshavar og andre

Som nemnt over hadde prosjektleiar hovudansvar for kontakt med tiltakshavar. Prosjektleiar og utgravingsleiar hadde likevel eit felles møte med tiltakshavar i forkant av feltarbeidet på tomte deira. Dette møtet var eit teamsmøte utført fredag 02.03.2023. Her tok vi ein kjapp gjennomgang av kva som skulle utførast av arbeid, samt avklaring rundt tilgang for gravemaskin, parkering av leigebil og andre praktiske småting. På møtet informerte også tiltakshavar om kven som hadde utført det originale gravearbeidet på tomte og vidare sendte oss kontaktinformasjonen slik at vi kunne nytte oss av same person. Gravearbeidet vart difor utført av Tom Henriksen Maskin, på denne måten hadde vi med oss maskinførar med kjennskap til eigedomen og kulturminnet.

# PLASSERING OG KULTURMILJØ

## Lokalisering

Lokaliteten ligg i bygda Skårvågen i Bø kommune i Vesterålen (Figur 1) Lokaliteten ligg på ein liten gard med vestleg utsikt direkte ut i storhavet. Lokaliteten ligg ca. 170m frå strandlinja og ca. 16m over dagens havnivå. Haugen ligg svært nær det gamle våningshuset på eigedomen og det nye tilbygget går inn i haugen si sikringsone, noko tiltakshavar har fått godkjenning til.



Figur 1: Oversiktskart

Det er fleire fine, naturlege hamnar i direkte nærleik til haugen som ville gjort det relativt enkelt å drive fiske og liknande frå båt. Frå haugen går det ei slak skråning ned mot vest, her ligg topografien til rette for båtoppdrag. Hamnene her er derimot heilt opne mot storhavet så ein må anta at vêrforholda avgjer kva aktivitet som kan føregå når. Til sør for haugen har ein også tilgang på havet, dette området har meir ly for vêr og vind og egner seg også godt til båtoppdrag. Området er kjent for godt fiske, spesielt skrei, då Vesterålen er ein av dei viktigaste gyteplassane for skreien.



Figur 2: Slik såg haugen ut då vi ankom lokaliteten. "Såret" i haugen var dekt til med duk, dei fjerna massane kan sjåast som små hauger til høgre i biletet og det nye tilbygget (og taket på det gamle våningshuset) kan sjåast til venstre i biletet.

## Topografi, vegetasjon og berggrunn

Skårvågen ligg heilt ute i havgapet ved foten av Skårvågfjellet i Bø i Vesterålen. Heile bygda er dekkja av lausmasser beståande av skredmateriale, hav- fjord- og strandavsetningar og forvittringsmateriale. Desse massane er dekkja av eit organisk dekke med enkelte mindre klynger med lauvtre. Heile bygdearealet har vorte nytta til mindre gardsdrift.

Haugen er i dag overvakst av gras og har tidlegare vore nytta som beitemark og truleg noko «potetåker-aktivitet» har føregått på, og rundt, haugen (Figur 2). Haugen ligg på typisk innmarksområde.

## Øvrige registrerte kulturminne

Det er ingen andre registrerte automatisk freda kulturminne i bygda Skårvågen. På Kattneset, 520m nordvest i luftline frå gardshaugen, vart det i 1977 registrert ein steinkonstruksjon, denne er framleis uavklart.

Då fylket var ute på garden Høgtofta for å registrere gardshugen fann dei også ei røys nokre få meter nord for haugen. Denne er også uavklart. Grunneigar fortalde oss at dette var ein moderne haug der dei har kasta frå seg stort og smått samt brent søppel. Røysa har ikkje vorte undersøkt.

Elles i Bø kommune, og på Langøya som heilheit, er det registrert mange kulturminne. I Bø kommune finn vi svært mange gravminne, nokre gardshaugar og nokre usikre gardshaugar, båtstønlegg og nausttufter samt andre typar aktivitetsområde.

## Tidlegare arkeologiske undersøkingar

Det har ikkje vore utført nokre tidlegare arkeologiske undersøkingar i bygda som vi har klart å påvise. I Bø kommune har det vore mange undersøkingar av spesielt gravminne. Desse har i hovudsak vorte utførte av Olaus Nicolaisen i tidsrommet 1883 – 1908. Etter ein kjapp gjennomgang av årsberetningane frå desse åra ser ein at Nicolaisen har både registrert ein del

kulturminne (i hovudsak gravhaugar og -røyser), samt notert ned funn og kvar desse har blitt av; noko vart selt til private samlarar (ikkje av Nicolaissen, men av grunneigarar), noko vart øydelagd og noko kom inn til museet. Nicolaissen dokumenterer at mange av desse haugane og røysene har vorte plyndra og/eller utkasta/pløgd vekk. Gravminna varierte i form, storleik, oppbygging og innhald. Nokre hadde leivningar frå ubrende lik mens andre var urnegraver. Nokre gravminne hadde hellelagt kiste, nokre hadde eit tørrmura kammer utan dekkheller og andre er ikkje nærare beskrive (desse var gjerne tomme). 6,7km lengre sør for Skårvågen 8 i luftline) finn vi den vetle øya Svinøykalven som ligg rett vest for bygda Vinje. Her har Nicolaissen utført fleire utgravingar og omtalar området slik (Nicolaissen 1906:235-236):

*«De forekommer her i saa stort antal som paa faa andre steder i Nordland. Skade kun at de fleste er ødelagte og gravgodset borttaget. De er bygget af sten, ofte av svære blokke med murede gravkamre; disse har været dækkede af flade overliggere.» s. 235.*

Om datering av desse gravminna har han dette å seie:

*«... vil man finde, at de fleste af sagerne kan henføres til den ældre jernalder, og da ikkje til den senere del af denne, der afsluttedes ved vikingetiden, ca. 800 aar efter Kr., men til den tidligere del af denne, der afsluttedes omkring det femte og sjette aarhundrede af vor tidsregning. De forholdsvis talrige spænder, der saavel her som paa Svinøen optoges af gravene, ligner spænderne fra folkevandringernes tid og mosefundstiden.» S. 236.*

## Undersøkinga sin relevans

Undersøkingane i denne haugen har eit stort potensiale til å vidareutvikle vår kunnskap om aktivitet frå jernalder og mellomalder i området. Vi veit frå før at gardshaugar som regel har svært gode bevaringsforhold og dette aukar sjansane for å finne godt bevarte gjenstandar av organisk materiale (bein, tre, gevir, lær osv.). Strukturar som bygningsrestar, omnar og liknande representerer ofte godt bevarte og har gode forutsetningar for dateringsprøver. Sjølv om det er mange registrerte kulturminne i Bø kommune, er det svært få som er undersøkt med moderne metodar. Dette gjer at kunnskapspotensialet frå denne undersøkinga er svært stor, spesielt i lokal samanheng, men også i overregional samanheng då gardshaugar er eit kulturminne vi finn i store delar av Nord-Noreg.

## Kultur og busetjingshistorie

Då det ikkje har vorte utført undersøkingar i denne bygda tidlegare nytta vi oss av Askeladden og kartmateriale. I følgje Askeladden er det eitt registrert kulturminne frå før av, i bygda. Dette er ei steinsamling på Kattneset, ca. 500m nord-vest for Høgtofta. Kulturminnet har uavklart status.

I prosjektplanen er det referert til Bø bygdebok bind 1. Her framgår det at Skårvågen var eit gammalt borgarleie i tida 1666 – 1732 og det har vore drive handel i området. I 1932 vart det bygd ei dampskipkai i Skårvågen. I 1723 vert bygda omtalt som høveleg for fiskeri, utan skog, seter eller kvern. Det nemnast også at det er vått og steinete i bygda. I brakkmarka skal det også vere ein del røyser, udefinerte strukturar og moglege tufter i utmarka vest for Høgtofta. Desse er ikkje registrerte og alder er ukjend. Ut frå dette ser ein på bygda som ein plass med historie som utfartsplass, handel og busetjing i relasjon til fiskeriet. Denne antagelsen baserer seg også på den store mengda graver, nausttufter, båtstøanlegg og andre aktivitetsspor som elles er registrert i Bø kommune. Hadseljorden har også vore ei av to hovudleiar for reise langs norskekysten.

# MÅLSETJING

## Problemstilling

Ei gjennomgåande utfordring med undersøkingar av gardshaug er at dei generelt er små med

karakter av «kikkhulls-undersøkingar». Dette gjer at det er vanskeleg å kontekstualisere og forstå dei strukturane og anlegga som kjem fram under gravearbeidet. Her har vi ein lokalitet med ei større, samanhengande flate som allereie er eksponert. Sjølv om det truleg er mykje som har gått tapt i dei massane som allereie er fjerna, har vi her ein gylden moglegheit til å få innblikk i ein større samanheng av strukturar, anlegg og funn som kjem fram i eitt og same nivå og truleg høyrer til same bruksfase. Ulike problemstillingar vi ønskjer å sjå nærare på er difor:

- Kan vi, gjennom strukturar, anlegg og gjenstandsfunn sei noko om kva aktivitetar som har føregått på lokaliteten?
- Kan vi påvise noko romleg organisering innafor den eksponerte flata?
- Kan vi, gjennom å studere profilane på lokaliteten og naturvitskaplege analysemetodar, sei noko om tidsdjupna på lokaliteten og eventuelle opphald i bruk?

## Prioriteringar og strategiar

Arbeidet kan delast inn i to hovudprioritetar; reinsking og dokumentasjon av den eksponerte flata, samt tilbakeføring av dei utgravne massane.

For prioritet ein var målet å kartlegge utstrekninga av trestolper/staur, kvistlag og konsentrasjonar av funn, trekol og varmpåverka stein. I tillegg skal eksponerte/lause gjenstandar og prøve for datering, samlast inn.

For prioritet to var målet å unngå ytterlegare skade på gardshaugen. Dei dokumenterte områda skal dekkast med duk før massane tilbakeførast, for å skjerme den urørte delen av gardshaugen. Etter at massane er tilbakeførte skal dei komprimerast for å forsøke å unngå erosjon og utvasking.

# UNDERSØKINGSMETODE OG DOKUMENTASJON

## Metode og dokumentasjon

Då vi ikkje skulle gjere nye inngrep i kulturminnet var det enkle og grunnleggande arkeologiske metodar som vart tatt i bruk under feltarbeidet. Vi nytta oss av ulike dokumentasjonsmetodar, fyrst og fremst så brukte vi totalstasjon til å måle inn alle funn, strukturar, anlegg og naturvitskaplege prøver. Deretter brukte vi foto med og utan målestokk, teikning og skriftleg beskriving av det vi målte inn. Vi tok også fotogrammetri av flata etter oppreinsk og etter vi var ferdige med undersøkingane våre, men før vi dekkja over utgravingsområdet. Fotogrammetri vart også tatt av enkelte funn in situ, samt til dokumentasjon av profilane. Vi nytta også drone til å ta oversiktsfoto og områdefoto.

Sjølv om vi, i utgangspunktet, ikkje fekk gjere nye inngrep i haugen, gjorde vi nokre få, mindre inngrep då vi såg det som naudsynt for å kunne dokumentere kulturminnet tilstrekkeleg.

Det vart observert mange stolpar og staur som stakk opp av undergrunnen på den eksponerte flata. Desse hadde allereie starta å rotne då vi kom, men vi vurderte også desse stolpane/staurane som gode kandidatar til å utføre dendrokronologiske analysar. I diskusjon med andre arkeologar på museet vart vi einige om at potensialet frå ei sånn prøve var så stor at vi valde å grave opp ein slik staur. Dette vart gjort ved at vi grov den litt fri i toppen også drog vi den ut av hølet sitt. Når vi drog opp stolpen kom det fram ein mindre staur som sto i same hølet; denne vart også tatt med inn til analyse.

Vi møtte på ei liknande problemstilling då vi skulle reinske opp ein profil. Vi valde oss ut eit område der vi kom lengst inn mot midten av haugen, dette for å få med so mange av haugens lag som mogleg. Her låg det ein del lausmasser frå maskingravinga, desse fjerna vi og då vart det tydeleg at vi ikkje kom til å få ein rett profil utan å gjere større inngrep, vi valde difor å reinske opp, og dokumentere, profilen i «trappetrinn». Då vi begynte å nærme oss ferdige med reinskinga oppdaga vi ein struktur i nedre del av profilen. Denne strukturen vart seinare tolka som ein omn.

## Prøveuttak

Strategien for prøveuttak på denne lokaliteten var relativt enkel: ta ut dateringsprøve og suppler med andre typar naturvitskaplege prøver dersom noko spesielt dukka opp. Dette skulle gjerast utan å gjere inngripen i haugen. Til saman vart det tatt ut fire kullprøver, tre makroprøver, tre dendrokronologiske prøver og eit preparat.

Det burde også nemnast diverse tremateriale hadde vorte samla saman av fylkeskommunen, under registrering, og lagt i ein haug på flata, tildekka av ei presenning og duk. Dette materialet kom frå lausmassane som hadde vorte grave opp på førehand og har difor ikkje noko bevart kontekst. Dette materialet vart ikkje tatt inn av oss, bortsett frå tre prøver som er overlevert dendroökolog Andreas Kirchhefer. Desse har han fått for å kunne utvide sin eigen kronologi og vil ikkje inngå i våre analyser, men resultatane kan komme oss til nytte ved seinare anledningar.

Det dukka opp mange strukturar og anlegg på flata og vi tok prøver frå fleire av desse, men dei vil ikkje vorte nærare beskrive før under «observasjonar og resultat», lenger bak i rapporten. Struktura/anlegga som dukka opp og som vi valte å ta prøver av omfattar eit omnanlegg som dukka opp i profilen vår, stolper og staurar som det fantes mange av på nesten heile flata og ein del gjenstandsfunn av organiske materiale.

Tre av kullprøvane kjem frå omnsanlegget i profilen, og den siste kjem frå ein flekk i utkanten av «såret» i haugen.

To av makroprøvene kjem frå omnsanlegget, og ei kjem frå massane rundt/under preparatet.

Ei av dei dendrokronologiske prøvane kjem frå konstruksjonsvirke som låg in situ i utkanten av «såret» i haugen. Dei to andre kjem frå same stolpeholet. Vi bestemte oss for å grave opp ein av dei mange stolpane/staurane som stakk opp rundt om på flata, då dukka det opp ein staur i same hòlet, og begge desse vart tatt inn.

Preparatet består av ei skål av tre (ca. halve skåla er bevart) som låg opp ned. Rundt denne observerte vi både bein (hovudsakleg fiskebein) og skjell. Under skåla og beina dukka det opp eit flettverk av bjørkegreiner. Preparatet inneheld difor både treskål, jordlag med skjell og bein og flettverket i botnen.

## Kjeldekritiske forhold

Ein stor bit av haugen hadde vorte grave vekk med maskin før arkeologar kom til staden og massane som låg att rundt var fulle av funn. Vi samla inn ein stor del av desse. Det betyr at desse funna vart samla inn utan kontekst og det er ikkje mogleg å få nøyaktige dateringar på desse.

Dette betyr også at bygningsrestar og strukturar har vorte øydelagde og fjerna.

Det materialet og dei strukturane som var att og som vi dokumenterte har også mista store delar av sin overordna kontekst.

Det gjerast oppmerksom på at på grunn av manglande laboratoriefasilitetar ved Noregs arktiske universitetsmuseum er konservering, noko funnhandsaming og noko prøvehandsaming ikkje fullført. Foto av gjenstandar av organisk materiale (for eksempel tre og lær) er heller ikkje utført i etterarbeidet då desse må ligge i dei kontrollerte miljøa dei vart tatt inn under fram til dei kan konserverast. Desse gjenstandane av organisk materiale har også mangelfull informasjon i gjenstandsdaten Musit.

Endeleg tolking av materialet og lokaliteten vil difor vere knytt til noko usikkerheit og må påvente ferdigstilling av dette arbeidet. Dette har påverka arbeidsflyt og har resultert i forseinkingar i etterarbeidet.

# OBSERVASJONAR OG RESULTAT

## Stratigrafiske forhold

Vi veit ikkje so mykje om dei stratigrafiske forholda på lokaliteten. Vi hadde som mål å reinske opp ein profil slik at vi kunne studere stratigrafien, men i det område vi valde ut for oppretting av profil dukka det opp ein omn, som vi ikkje såg før vi starta reinskinga. Vi prioriterte å reinske opp denne slik at vi fekk dokumentert omnen (Figur 3). Ein av målsetjingane for undersøkinga var nettopp å dokumentere det som hadde vorte eksponert og difor truleg vil vorte dårlegare bevart sjølv om området vert dekkta til igjen. Siste dagen tok vi oss likevel friheita til å reinske opp ein mindre profil i den vestlege delen av «såret» i haugen. Vi hadde behov for litt hjelp til å avgjere kor avgrensinga på kulturminnet stoppa og utkastmassane, som var heilt overgrodd, starta. Profilen går ikkje heile vegen frå torvhorisont og ned til det lågaste nivået i «såret». Grunnen til dette er at det hadde vorte eit nytt inngrep i haugen dersom vi hadde reinska fram botnen også, då kanten i utgangspunktet skråa ned frå torvkanten. Vi syntest likevel det var viktig å reinske opp denne profilen slik at vi kunne supplere på profilen som inneheldt omnen. Denne siste profilen vart dokumentert med fotogrammetri.



Figur 3: Andreas har akkurat oppdaga omnen i profilen. I forgrunnen kan ein sjå litt av treverket som låg på flata, samt enden av tilja (Ts16285.1134) som stikker opp. Overflata i heile såret på haugen består av mørke, feite kulturlagsmassar.

## Strukturar


Den største strukturen på lokaliteten var omnen som dukka opp i profilen.

### Omn Id 200043:

Omnsanlegget er ikkje undersøkt i si heilheit då det framkom i profil. Då vi ikkje kunne gjere inngrep i haugen måtte vi sjå oss nøydde til å reinske opp profilen/omnen i trappetrinn(Figur 4). På denne måten ville vi minimere inngrepet, men samtidig få ein delvis oversikt over lagfordelinga.



Figur 4: Slik såg profilen ut i fugleperspektiv. Omnen er omtrentleg markert med stipla sirkel og trappetrinna er markert med stipla liner og nummer. Illustrasjon av Andreas Luneborg.



Figur 5: Profil med omn i botn. Profilen vart grave i trappetrinn, desse er markert på illustrasjonen med nummer 1 til 4 (svart nummer i kvit sirkel). Illustrasjon: Andreas Luneborg


Lagbeskriving frå topp til botn (sjå også Figur 5 og Figur 6):

1. Matjordslag som målte ca. 48cm i djupne. Laget framstod relativt homogent med enkelte innslag av bein og kol, men langt mindre enn i laga lenger nede. I nordleg ende av profilen dukka det også opp eit stolpehol med det som ser ut til å vere skoningsstein. Dette antar vi er av nyare karakter og kan høyre til eit sjå som grunneigar opplyste hadde stått i området tidlegare.
2. Kollag som måler 2-8cm i tjukkeleik, det strekk seg ikkje over heile profilen si breidde. Det vart tatt ei kolprøve i dette laget (Ts16285.44, P1149), sjå beskriving under «Analyse, Datering».
3. Skil seg frå lag 1 ved å vere meir brunraudt på farge. Enkelte større, synlege kolbitar og større innslag av bein, primært fiskebein. I dette laget framkom det også fire trebord med tjukkeleik på 1-2cm. Direkte over desse borda låg det eit tynt lag av halm/strå. Det vart tatt ut ei mindre makrofossilprøve (PM 1150) av halmen.
4. Dette laget skil seg frå det førre laget ved at det var meir feittete og hadde ein større andel organisk materiale. Ei kollinse på ca. 5x33cm framkom i dette laget og i denne linsa var det også noko halm/strå. I laget dukka det opp ei bakstehelle (Ts163285.39) og ein antatt tallerken av tre (Ts16285.79).
5. Dette laget skil seg veldig frå dei føregåande laga og tolkast som ein del av, eller direkte relatert til, omnen. Laget var hovudsakleg beige på farge, men med nokre sjatteringar av kvit og raudleg farge. Laget bestod av laminerte striper av silt, leire og kull. Laget hadde ei sur lukt. Enkelte plassar hadde massane ein noko grovare kvalitet og verka vere eit grensesjikt mellom veldig fin sand og leire. Ein god del brent bein vart observert.
6. Dette laget følger konturane til det føregåande laget, men bestod av grovare korn (sand/silt) og var noko mørkare på farge. Laget var spetta av kol.
7. Same konsistens som føregåande lag, men meir raudleg i fargen. Usikkert om dette er raudbrent leire som har gått i oppløysing.
8. Hardbrent raudbrun leire omgitt av trekol. Den hardbrente leira var på sitt tjukkaste 6,7cm.



Figur 6: Arbeidsfoto av omnen i profilen, dette er før den vart dokumentert.

I tillegg til omnen dukka det opp flettverk, stolpar, staur, konstruksjonsvirke og gjenstandsfunn på flata. Sjå Figur 7.



- Tre kvist
- Tre konstruksjonsvirke
- Stolpehull / stolpe / staur
- ▨ Flettverk
- - - Område undersøkt
- Staur

Figur 7: Planillustrasjon som viser stolper/staur, flettverk, konstruksjonsvirke og to fine funn i plan. Illustrasjon av Andreas Luneborg.

### Flettverk Id 3000:

NFK hadde på førehand registrert flettverk på lokaliteten og vi hadde som mål å avdekke dette i sin heilheit, men tida strakk ikkje til og dette flettverket vart difor målt inn flekkvis (Figur 7). Vi reinska det fram i enkelte område der vi såg konturane av det, og dette gir eit omtrentleg bilete av utstrekkinga. Totalt vart 4,1m<sup>2</sup> flettverk målt inn, men det er truleg at det fantes noko meir flettverk enn dette, på flata. Flettverket er laga av bjørkegreiner (Figur 8). Ved observasjon av flettverket ser vi to tverrgåande greiner som er kraftigare enn dei resterande greinene som er fletta mellom desse to. Det må ha vore ei tredje kraftig, tverrgåande grein for at flettverket fysisk har vore i stand til å stå oppreist/holde dei tverrgåande greinene på plass. Denne greina vart ikkje observert in situ, men kan fint ligge i kulturlaget. Det er vanskeleg å avgjere om flettverket har vore del av eit gjerde, eller ein flettverksvegg.



Figur 8: Flettverk og tilje (Ts16285.1134) in situ

#### Treplankar ID 1115 og 1151:

I profilen, over omnen, vart det funne to plankar av tre som låg att med kvarandre og på same nivå. Begge plankane er ca. 20cm breie, men lengda er ukjend då dei stikk inn i profilen. Vi tok inn planken med Id 1115 (ts16285.76) då denne var knekt i bakkant og difor laus. Plankebiten vi fekk med oss var igjen knekt i to deler. Vi hadde ikkje moglegheit til å undersøke om det var fleire plankar i nivået då den einaste flata som vart eksponert på dette nivået var eit lite trappetrinn i profilen og det var fleire større stein på sida av, og over, desse plankane.

#### Stolpar og staur:

Det fyrste vi merka oss då vi reinska opp lokaliteten var alle stolpane/staurane som sto att i flata (Figur 7). Vi målte inn totalt 28 staur/stolpar og i ettertid så ser vi at distinksjonen mellom staur og stolpe ikkje var særleg tydeleg. I utgangspunktet har dei minste stolpane, utan anna forming enn tilspissing i enden, vorte tolka som staur. Dei større stolpane, kor av nokre er firkanta i tverrsnittet, mens andre har ein D-form (rund stolpe der ei side har vorte hogd flat), har vorte målt inn som stolpar. Stolpane har også generelt eit større diametermål. Vi tok inn to av desse; ein stolpe og ein staur (A387 og A1031). Desse to vart sende til dendroanalyser, resten av desse fekk stå i fred (Figur 7).

Der er ingen sikre stolperækker, men der er ei ansamling midt på flata (i nord-aust/sør-vest retning) som ligg tett på samlinga av konstruksjonsvirke og flettverk.

#### **Funn**

Det vart gjort ein del gjenstandsfunn (Tabell 1), men mange av desse er sokalla «lausfunn» som vart plukka frå dei massane som hadde vorte grave vekk før kulturminnet vart oppdaga. Dei gjenstandsfunna som vart funne in situ vil verte merka som det i teksten, når dei vert omtalt.

Tabell 1: Oversikt funnmateriale frå lokaliteten som heilheit

Gjenstandstype	Bergart	Flint	Jern	Keramikk	Kleber	Kobberlegering	Lær	Metall	Skifer	Tre	Total
Bakstehelle					16						16
Bryne	4										4
Fragment					1						1
Ildflint		1									1
Kar				7	2						9
Kniv								1			1
Nagle				7		1					8
Planke										3	3
Plate										1	1
Saks				1							1
Skål										1	1
Spiker				1							1
Spinnehjul					2						2
Tallerken										1	1
Tyngde					4						4
Vektlodd				1							1
Annen gjenstand				11	1	1	4	4	1	1	23
<b>Total</b>	<b>4</b>	<b>1</b>	<b>21</b>	<b>7</b>	<b>26</b>	<b>2</b>	<b>4</b>	<b>5</b>	<b>1</b>	<b>7</b>	<b>78</b>

Det vart funne ein gjenstand av tre som vi har tolka som ei tilje (denne er registrert som «plate» i Musit Ts16285.1134); ei treplate ein legg i botnen av ein båt for å setje føta på, for å halde seg tørrskodd (Figur 9). Denne vart funne in situ og består av fire bord festa på to tverrliggande, smalare bord. Borda er festa med to stk. trepluggar pr. bord, totalt fem av åtte trepluggar er bevarte.



Figur 9: Til venstre: Treskål (Ts16285.1) omringa av fiskebein og skjell, med flettverk under. Bilete av preparatet før dette vart tatt opp. Til høgre: Tilje («plate» Ts16285.1134) med målestokk - feltfoto

Vi fann også det vi trur er ei skål/bolle i tre (Ts16285.1). Denne vart funnen liggande opp ned på flata og vart dokumentert in situ. Den er noko skada, men ca. halvparten av den er bevart (Figur 9). Denne vart tatt ut som preparat og gjenstanden er difor ikkje reinska fram og undersøkt. Det låg mykje fiskebein og noko skjell rundt bollen, den ligg også over flettverk. Både bein, skjell og flettverk vart tatt inn som del av preparatet.

I området med omnen fann vi nokre fragment i tre som låg i lausare masser, men truleg låg desse tilnærma in situ. Etter kvart skjønnte vi at fragmenta stamma frå ein og same gjenstand; mest sannsynleg ein tallerken (Ts16285.79). Denne er diverre skada og i fleire deler, men det vil truleg kunne setjast saman til ein nesten heil gjenstand når fragmenta har vorte konserverte.

Vi har også fleire kraftige stokkar/plankar som ligg, tilsynelatande, in situ (Figur 10). Dette er konstruksjonsvirke og fleire av desse har bevarte trepluggar og synlege huggemerker. På Figur 10 kan ein sjå at fleire av stokkane/trevirke har hol i seg, nokre av desse hola har øydelagde pluggar ståande i.



Figur 10: Stokker/konstruksjonsvirke in situ.

Det vart også funne noko keramikk. Vi har to registrert typar keramikk: raudgods og steingods. Av raudgods har vi seks fragment, to av desse er randskår frå to ulike krukke/kar (basert på storleiken), eitt er eit skår med raud-brun glasur på innsida og dei tre siste er skår med sot på utsida; altså kokekar. Eitt skår av steingods (Ts16285.70) vart funne, dette har brunraud glasur på utsida. Dette skåret liknar på bartmannskrukke, utan at dette kan seiast sikkert, men bartmannskrukke og andre liknande typar er av tysk produksjon som vart vanleg i Noreg frå 1500-talet og vart produsert til ut på 1800-talet. Raudgodset er mykje vanskelegare å tidfeste.

Mest funn har vi likevel av ulike steinmaterial.

Botnen av eit kokekar (Ts16285.10) av kleber vart funne, dette er svartbrent under og måler 15cm i indre diameter, veggane har skrått noko utover og diameteren ved toppen av karet vil ha vore større enn 15cm (Figur 12).

Det framkom også eit fragment av overgangen botn/vegg på eit kleberkar (Ts16285.11), dette fragmentet passer ikkje botnen vi har. Fragmentet ser ut til å ha ei tjukk matskorpe på innsida.



Figur 12: Til venstre: Fiskesøkker/tyngder av kleber. Til høgre: botnen av eit kleberkar.



Figur 11: Til venstre: fragment av bakstehelle. Til høgre: spinnehjul av kleber

Det vart funne fleire ulike typar tyngder/søkker på lokaliteten, alle av kleber (Figur 11).

To spinnehjul, 16 bakstehellefragment og fire bryne framkom også på lokaliteten, under oppreinsking.

Dei aller fleste metallfunna er ikkje mogleg å identifisere utan å ta røntgen av dei, difor er det berre nokre få funn vi vit kva er for noko. Vi samla inn sju jernnaglar, men observerte mange fleire i felt. Det vart også tatt inn stilken av ein nagle (Ts16285.19) som ser ut til å ha noko form for koparlegering på seg. Dei resterande naglane vart ikkje plukka inn då dei var fragmenterte og/eller låg i større utkasthaugar utan noko form for kontekst. Vi fann også ei saks (sjå Figur 13) (Ts16285.61) og eit hult vektlodd av jern (Ts16285.55).



Figur 13: Til venstre: naglar av jern. Til høgre: Saks av jern (saksa vart funne in situ).

## ANALYSE

### DATERINGAR

Det vart tatt ut fire kullprøve frå denne lokaliteten. To av desse vart tatt i omnen, ei vart tatt i profilen over omnen og den siste vart tatt frå ein kullfleck i plan, nært den nordlege kanten av «såret». Alle prøvane inneheldt kull og vart daterte ved NTNU nasjonallaboratoriene for datering (sjå vedlagt rapport).

Ts16285.43, P1189 Denne prøva vart tatt frå ein kullfleck (365) som dukka opp i plan under reinsking. Flekken var mørk og inneheldt kol, men hadde også ein raudbrun farge kor flekken inneheldt kvist/små trebitar. Denne flekken vart reinska godt opp og prøve vart tatt i plan. Flekken fekk ei datering til 1167 – 1221 Cal AD.

Ts16285.41, P1174 og Ts16285.42, P1175: Desse to prøvane er tatt av omnen (200043) som dukka opp i profilen (C200039). PK 1174 vart tatt under ein stein, heilt i botnen av omnen. PK 1175 vart tatt rett under eit lag av hardbrent, raud leire. Det er antatt at dette laget med leire representerer ein kuppel som har dekt omnen og prøven er difor frå det øvste (mogleg siste) laget av brenning i omnen. 1174 fekk ei datering til 1034 – 1158 Cal AD og 1175 fekk i datering til 1032 – 1158 Cal AD.

Ts16285.44, P1149: Den siste prøva vart tatt i det nest øvste laget i profilen (C855), over omnen. Denne prøven vart tatt i eit kullhaldig lag som låg over treplankane som mogleg er eit golvlag og under det omrota matjordslaget. Denne prøva vart datert til 1227 – 1276 Cal AD.

Tabell 2: Oversikt over dei daterte kolprøvene frå lokaliteten, med resultat.

Museumsnr	TRa nr	Intrasis ID	Funnkontekst	Prøvetype	Datert materiale	C14 alder	Kalibrert alder (94,4%)
Ts16285.41	22045	1174	Omn (200043)	Kull	Betula	949+13/-13 BP	1034 – 1158 AD
Ts16285.42	22046	1175	Omn (200043)	Kull	Betula	952+14/-14 BP	1032 – 1158 AD
Ts16285.43	22047	1189	Mørk kullholdig flekk (365)	Kull	Betula	861+13/-13 BP	1167 – 1221 AD
Ts16285.44	22048	1149	Over omn (tatt i snitt 855)	Kull	Betula	779+13/-13 BP	1227 – 1276 AD

## GJENSTANDSMATERIALET

Gjenstandsmaterialet er ganske typisk for det ein kan forvente å finne i ein gardshaug og vitnar om mange ulike aktivitetar.

Vi har fleire tyngder/fiskesøkke av kleber. Disse har truleg vorte nytta til fiske, men nokre kan også ha hatt funksjon som vevlodd; desse to kategoriane kan vere noko vanskeleg å skilje frå kvarandre. Med mengda fiskebein på lokaliteten er det opplagt at fiske var ein viktig aktivitet her og det er derfor nærliggande å tru at våre tyngder representera fiskesøkker. Vi har registrert to spinnehjul av kleber på denne lokaliteten og desse har vorte nytta til å spinne tråd/garn og det er derfor ikkje utenkeleg at ein også har vevd med den tråden dei har spunne.

Av kleber har vi også bakstehelle og kokekar, og desse har begge vorte nytta til matlaging. Treskåla og den potensielle tallerkenen av tre har også truleg vore nytta til servering og/eller lagring av matvarer. Av tre har vi også ei plate som vi har tolka som ei tilje (Figur 9), denne viser igjen til aktivitet utført i båt – i.e. fiske.

Av metall så har vi blant anna registrert ei saks, denne har lik utforming som sauesaksene som har vorte nytta opp til moderne tid. Vi har også jernnaglar, desse er klinknaglar og kjem truleg frå båt (Figur 13).

Dei to plankane som dukka opp i profilen over omnen er vanskelege å tolke, men det er mogleg at dei representera restane av eit tregolv. Tregolv er kjende strukturar i gardshaugar (Holm-Olsen, 1980).

## BUSETJINGSSPOR

Sjølv om vi ikkje identifiserte spesifikke bygningar har vi konstruksjonsvirke og stolpar som er kraftige nok til å vere del av bygningar. Konstruksjonsvirke bestå av kraftige bjelkar, og fjøler; mange av desse hadde bevarte trepluggar i seg. Vi fann også restar etter flettverk laga av bjørkegreiner. Dette flettverket kan ha vore del av ein bygningsmasse som veggkonstruksjon, men flettverk har også vorte nytta som gjerder. Det vart registrert mange stolpar og staurar rundt om på flata og desse representera nok både gjerdestaur og stolpar for mindre bygningar.

Det at vi har ei større mengde stolpar tett på flettverket og konstruksjonsvirka indikera at desse elementa kan alle ha vore del av ein bygnad. Kva type bygnad og kva funksjon den har hatt er diverre ikkje mogleg å sei noko om ut frå desse undersøkingane.

Omnen er, som tidlegare nemnt, i liten grad undersøkt. Vi kan difor ikkje sei noko om denne har vorte nytta til matlaging eller øvre produksjon.

## OSTEOLOGI

Det vart sendt inn elleve osteologiske prøver, av varierende storleik, til Sean Dexter Denham ved

